

# Både røtto og reven og gris`n

Barnevers etter Øystein Vikane (f.1947) frå Austrheim.

The musical score is written in treble clef with a common time signature (C). It consists of two staves. The first staff has a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The melody is: C4 (quarter), D4 (quarter), E4 (quarter), F#4 (quarter), G4 (quarter), A4 (quarter), B4 (quarter), C5 (quarter), B4 (quarter), A4 (quarter), G4 (quarter), F#4 (quarter), E4 (quarter), D4 (quarter), C4 (quarter). Above the staff are chords: C, G7, C, C, G7, C. The second staff starts with a measure rest of 5 measures, then continues with the melody: C4 (quarter), D4 (quarter), E4 (quarter), F#4 (quarter), G4 (quarter), A4 (quarter), B4 (quarter), C5 (quarter), B4 (quarter), A4 (quarter), G4 (quarter), F#4 (quarter), E4 (quarter), D4 (quarter), C4 (quarter). Below the staff are chords: Dm, G, Dm, G7, G7, C. The lyrics are: Bå-de røt-to og re-ven og gri - s`n. Dei va kobm-ne so långt ut` på i - s`n, og so kobm dar ein mann og ja-ga dei i land. Bå-de røt-to og re-ven og gri - s`n.

Både røtto og reven og gris`n.  
Dei va` kobmne so långt utpå is`n,  
og so kobm dar ein mann og jaga dei i land.  
Både røtto og reven og gris`n.  
Dei va` kobmne so långt utpå is`n,  
og so kobm dar ein mann og jaga dei i land.  
Både røtto og reven og gris`n.

Røtto = rotta.  
Gris`n = grisen.  
Va` = var.  
Kobmne = komt.  
So = så.  
Långt = langt.  
Kobm = kom.  
Dar = der.

## Rørsler

*Røtto: lag øyrer med knytta hender på hovudet. Reven: Lag spiss snute med hendene. Gris`n: Teikn grisetryne/nase med handa di. Kobmne so långt utpå is`n: Gå med beina. So kobb dar ein mann: Set handa til panna og speid utover. Jaga dei: Hytt med handa.*

## **Øystein Vikane (f.1947)**

er fødd og oppvaksen i Mastrevik i Austrheim kommune. Øystein fekk landbruksutdanning på Stend jordbruksskule og på Landbrukshøgskulen i Ås. Han jobba i mange år som fagkonsulent innan landbruk i heimkommunen. Øystein fekk tidleg interesse for musikk og song. Han var med i skulekorps og spelte bass. Sidan lærde han seg å spele obo og var med i amatørsymfoniorkester. Han har også gjeve undervisning på ulike instrument. Elles har han sunge i kor der han óg ha vore solist. Øystein var kjelde for folketoneinnsamlaren Kjersti Møllerup Wiik midt i 1990-åra. Han overleverte fleire religiøse folketonar frå Austrheim, samt «Både røtto og reven og gris`n» som er å finna i songboka vår. Desse er arkivert ved Arne Bjørndals Samling.

**«Både røtto og reven og gris`n»** er eit barneverv som finst i fleire variantar. Denne varianten frå Austrheim går i dur, medan den meir kjente varianten «Reven og rotto og gris`n» går i moll. Sistnemnde kjenner ein frå andre stader i Hordaland, og du finn den også her i boka vår. Barneverva har vore brukt til å underhalda barna og dette er jo ein artig liten song som det også er populært å gjera rørsler til (sjå skildring av desse på noten).